

**Arne Solli:**

## **Digitalarkivet i forsking og undervisning**

Hausten 1998 blei Digitalarkivet første gong referert til som kjelde i ei hovudoppgåve (no masteroppgåve). Det var før Digitalarkivet hadde nådd å bli eitt år. Den ”historiske” referansen finn vi i hovudoppgåva til Trine Marie Humblem. Tema for hovudoppgåva var tenestejenter i Bergen 1912-1922. Det var ein studie der ho tok utgangspunkt i Sunnfjord-jenter i teneste i Bergen. I studien nytta Humblem både folketeljingane 1900 og 1912 for Bergen.<sup>1</sup>

Totalt i perioden 1996-2006 blei det levert 447 hovedfag- og masteroppgåver i historie ved Universitetet i Bergen. 47 av desse har nytta digitale kjelder som no er del av Digitalarkivet. Det kan synest lite at berre 10% av masterstudentane i perioden har nytta Digitalarkivet. Men då er det viktig å ha i mente at fleirtalet av oppgåver har tema geografisk og kronologisk ”utanfor” Digitalarkivet. Dei 47 oppgåvene er eit minimumstal og gjeld berre for Universitetet i Bergen. Kor mange studentar og forskrarar som har nytta Digitalarkivet ved dei andre universiteta og høgskulane har ikkje blitt undersøkt.

Digitalarkivet har dramatisk endra tilgangen til historiske kjelder og måten desse kan takast i bruk. I denne artikkelen vil eg prøve å få fram korleis Digitalarkivet har blitt nytta i undervisning og forsking ved Universitetet i Bergen. Framstillinga tek til i 1996, ikkje 1998, for å få fram korleis Digitalarkivet har blitt ein del av undervisning og forsking på masternivå (tidlegare hovedfag) i Bergen.

### **Digitalt kjeldemateriale før Digitalarkivet**

I masteroppgåver levert før år 2000 er det sjeldan at studentane refererer direkte til Digitalarkivet. Den vanlege referansen er ”EDB registrerte kjelder ved Statsarkivet i Bergen” eller ”Historisk institutt, UiB”. Dette heng saman med at Digitalarkivet hadde to viktige forløparar eller digitale arkiv. Ved Statsarkivet i Bergen hadde ei rekke kjelder blitt dataregistrert sidan 1980 ved eit samarbeid mellom Registreringssentralen for historiske Data i Tromsø, Historisk institutt, UiB og Åttehistorisk institutt.<sup>2</sup> Dette galdt både skipslister, tingbøker, kyrkjebøker, manntal og folketeljingar. Det geografiske tyngdepunktet for kjeldene var Bergen og Bergens nære omland. Historisk institutt hadde lengre erfaring med dataregistrering. Knut Mykland ved Historisk institutt initierte i 1968 1801-prosjektet med totalregistrering av folketeljinga 1801. Jan Oldervoll leidde arbeidet. Og instituttet hald fram med registrering av manntala for 1660-åra og emigrantprotokollane for Bergen havn 1874-1924. Ved oppstarten av Digitalarkivet i 1998 hadde derfor vore fleire dataregistrerte kjelder tilgjengeleg for studentar ved Historisk institutt. Frå midten av 1990-talet ser vi desse omtala som ”EDB-registre ved Statsarkivet i Bergen”, eller ”Folketeljinga 1801, Historisk institutt”. Men samstundes var det også fleire arkivinstitusjonar med digitale arkiv som og blei nytta i hovudoppgåver: Teleslekt, Registreringssentralen for Historiske Data (RHD) og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (SFFARKIV). Dette materialet blei etter kvart tilgjengeleg i Digitalarkivet. Det betyr at før etableringa av Digitalarkivet var ei rekke studentar i arbeid med kjelder som kom til å danne startgrunnlaget i Digitalarkivet. Etableringa av Digitalarkivet og overtakinga av 1900-teljinga frå Teleslekt og samarbeidsavtalane med RHD og

<sup>1</sup> Humblen, T. M. (1998). Tjenestejenter i Bergen 1912-1922: en undersøkelse av sunnfjordsfødte tjenestejenter. Bergen, [T.M. Humblen]: 116 s.

<sup>2</sup> Nedrebø, Y (1997). Edb-registrerte kilder i Statsarkivet i Bergen, Medlemsblad for DIS-Hordaland, Nr. 2, 1997.

SFFARKIV gjorde at ei stort og variert kjeldemateriale blei tilgjengeleg under ein paraply. Dette var ein klar fordel for studentar og forskarar.

## ***Bruk av digitalt kjeldemateriale***

Studentar som midt på 1990-talet ville ta i bruk dei digitaliserte kjeldene hadde to alternativ. Datatabellane frå Statsarkivet i Bergen var i dbase-format, og for å bearbeide datamaterialet blei Dbase eller MS-Access nytta. MS-Access er eit generelt database-verktøy, altså ikkje eit spesialverktøy for statistisk analyse. Kjeldene frå Historisk institutt, Teleslekt og RHD var i CensSys-format. CensSys var eit spesiallaga database og analyseverktøy for MS-DOS utvikla av Jan Oldervoll alt på 1980-talet. Med CensSys laga studentane eigne databellar, gjerne kombinert med tabellar frå 1801-teljinga.<sup>3</sup> CensSys-systemet (CensIn, CensForm, Cens1801) hadde særskilte funksjonar for å kode og kategorisere kjeldematerialet, t.d. danne yrkeskategoriar. Programmet hadde også funksjonar for enkle statistisk analyse som frekvensfordeling (oppteljing av verdiar for ein variabel, t.d. sivilstand) og krysstabulering. Sidan både Teleslekt og RHD nytta CensSys som registreringsprogram, kunne CensSys nyttast for analyse av materialet frå desse digitale arkiva. Databaseprogramma Dbase, MS-Access og Censsys hadde gode muligheter for enkel bearbeiding og enkel analyse av kjeldematerialet.

Situasjonen før etableringa av Digitalarkivet i 1998 bar dermed på to utfordringar. Det digitale kjeldematerialet var spreidd på fleire institusjonar, og det var i ulike dataformat.

## ***Digitale kjelder på WWW***

Sjølv om dei ovanemnde programma var brukarvenlege kravde det at studentane måtte lære seg å bruke dataverktøy før dei i det heile kunne gjere seg kjent med kjeldematerialet. Dette heva terskelen for å ta i bruk digitale kjelder. World Wide Web endra dette.

Presentasjonsdelen av Digitalarkivet hadde sin direkte forløpar i Web-sider under Historisk institutt. Hausten 1995 utvikla Jan Oldervoll ei nett-teneste for folketeljinga 1801, lansert 1. desember 1995 på Historisk institutts eigen Web-server. Dermed kunne vi ta i bruk ei rask og funksjonell Web-teneste både i undervisning, formidling og forsking. Terskelen for å ta i bruk digitale kjelder var dermed drastisk redusert.

**Figur 1 Ur-Digitalarkivet, Historisk institutts digitale internett-arkiv i 1996**

---

<sup>3</sup> Vaardal, H. (1995). Samfunn og kriminalitet i Indre Sogn og Sunnfjord 1820-89 : ein analyse av samfunnsstrukturar og kriminalitet. Bergen. Morsund, G. O. (1995). - heve nordmannen fenge sin heim : hushald i Haram og Karlsøy 1801-1865. Bergen.

Kjelder frå Historisk institutt - Microsoft Internet Explorer

File Edit View Favorites Tools Help

Back Forward Stop Refresh Home Search Favorites

Address http://www.uib.no/hi/1801side.html Go

Skriva deg inn i gjesteboka. Les gjesteboka. Besøk heimesida vår.

**3-STAR SITE MAGELLAN**

*Historisk institutt, Bergen*

Folketeljinga for Norge for året 1801

Me har teljinga som ein bokstavrett kopi av *originalteljinga*, ordna prestegjeldsvis. I kvart prestegjeld finn du opplysningar om kvar enkelt person som levde der. Om du vil kan du også søkja på gard, førenamn eller etternamn i heile landet. Me har også teljinga i ein engelsk versjon.

Teljinga er også blitt *koda*. Informasjonsmengda i originalteljinga er blitt redusert inn i nokre få kategoriar, bonde, husmenn, gift, ugift osv. Denne eignar seg best for statistisk analyse.

Ut frå den koda versjonen er det blitt generert ein eigen *hushaldsdatabase*. I den basen er det knappe 100 variablar om kvart hushald i Norge i 1801.

Me samlar også litteratur som gjeld 1801-teljinga. Inntil vidare er ikkje lista lang.

**Emigrantprotokollane for Bergen hamn 1874-1924**

Politiet skulle føra alle som emigrerte via Bergen hamn inn i ein protokoll. Desse er av oss delte inn etter kommunen dei var fødde eller sist budde i. Merk deg at no er områda utanom Hordaland og Sogn og Fjordane også kome med. Materialet er også blitt lagt ut ordna etter år. Du kan også leit gjennom heile teljinga etter *førenamn* og *etternamn*.

Downloading picture http://www.uib.no/cgi-bin/hhijo/count.pl... Local intranet

Kjelde: <http://www.uib.no/hi/1801side.html>

## Digitalarkivet i undervisning

Seinsommaren 1996 arrangerte Historisk institutt sommarskule for masterstudentar frå ei rekke europeiske land. Eit av tema for sommarskulen var ”Urban lives – houses, households and families”. Denne gruppa av studentane nytta m.a. folketeljinga 1801 som kjelde for å lage web-baserte presentasjonar av hus- og folk på Nordnes i Bergen. Dette var heilt nytt i 1996. Både kjeldene og det ferdige resultatet var web-sider eller web-presentasjonar. På kort tid hadde utanlandske studentar klart å ta i bruk folketeljinga 1801 og utstyrt med skanna kart og digitale kamera laga dei små historier om hus og folk på Nordnes. Dette synte potensialet med eit digitalt Internett-arkiv. Ein student heilt i startfasen på eit masterprosjekt kan raskt skaffe seg oversikt over kjeldematerialet, kor omfattande det var, kva for type opplysningar det inneheld og samstundes gjere enkle oppteljingar (eks: ”Kor mange kvinner med yrke som tenestejente?”). Videre erfarte vi at eit nettbasert digitalt arkiv gjorde at studentane raskare kom fram til meiningsfulle og relevante resultat. Reine dataøvelsar med statistikk-program kan raskt bli demotiverande fordi datautvalet og eksempla er snevre eller søkte. Det nettbaserte digitale arkivet førte til at Historisk institutt kunne ta i bruk kjelder og analysemåtar på eit tidlegare nivå i studiet og på slutten av 1990-talet blei derfor Digitalarkivet også nytta i mellomfagsoppgåver eller bachelor-oppgåver som det heiter i dag.<sup>4</sup>

<sup>4</sup> Eit godt eksempel på dette er mellomfagsoppgåva HANDVERKAREN, SVEINEN OG DRENGEN av Cecilie Boge, <http://web.hist.uib.no/mfag/cecilie/index.html>, lasta ned 20.01.2008

Den viktige skilnaden med Digitalarkivet er at spesialkompetanse i database eller statistikkprogram er ikkje naudsynt før ein tek i bruk kjeldene. Dermed kan ein fersk student gjere seg kjend med typen kjeldemateriale og gjere seg opp tankar om muligheter og utfordingar før ein går i gang med eigen digitalisering og før ein tek i bruk programvare for databasar og statistikk.

### **Digitalarkivet – meir enn folketeljingar.**

Men Digitalarkivet inneheld meir enn berre folketeljingar og muligheter for kvantitative analysar. Tingbøkene for Nordhordland (1642-1771) og Rådestueprotokollen for Bergen (1592-94) var også ein del av Digitalarkivet frå starten. Avskriftene av tingbøkene for Nordhordland stod Håkon Aasheim for, medan Gro Elisabeth Bastiansen skrev av Rådestueprotokollen som ein del av arbeidet med si eiga hovudfagsoppgåve.<sup>5</sup> Desse kjeldene har blitt nytta i fleire hovud- og masteroppgåver.<sup>6</sup>

Dei *skanna kyrkjebøkene* blei tilgjengeleg seinhausten 2005, og det er for tidleg å seie noko om konsekvensane i forskingssamanheng. Eit masterprosjekt er normert til 2 år, slik at vi må nok vente nokre år før vi ser fruktene av denne delen av Digitalarkivet.

På Digitalarkivet heimeside finn vi også *Digitale bøker* (<http://da2.uib.no/cgi-win/webbok.exe>). Denne ressursen er nytta av mange, men den viser ikkje att i form av referansar, fordi ein vil referere til den trykte boka – ikkje til nettkopien. På heimesida er det lenke til *On-line kurs i gotisk handskrift* (<http://www.hist.uib.no/gotisk/>). Kvart semester gjennomfører fleire masterstudentar dette kurset som ein del av kursdelen av masterstudiet.

### **Digital knoppskyting**

Nokre av deltakarane på sommarskulane i 1996 og 1997 bygde seinare opp både web-sider og databaser ved eigne universitet. To gode eksempel på dette er sidene til Afelonne Doek, "De Volkstellingen van Weesp 1807 og 1849", <http://www.doeckonline.nl/projects/weesp/> og Steve Murdoch "The Scotland, Scandinavia and Northern European Biographical Database (SSNE)" <http://www.st-andrews.ac.uk/history/ssne/index.php>. Vi kan trykt seie at eplet fall nær stamma.

---

<sup>5</sup> Åsheim H., Tingbøker frå Nordhordland, <http://www.arkivverket.no/bergen/kilder/avskrifter/tingbok/nhl.html>, Lasta ned: 20.01.2008. Bastiansen, G. E. (1995). "Væ dig Bergen du fulle Sodomæ oc Gomorrhæ søster" : en analyse av utenomekteskapelige forhold i Bergen 1597-1669. Bergen. Bastiansen, G. E., Bergen Rådstueprotokoll 1592-94, <http://digitalarkivet.uib.no/da/rd12011592.htm> Lasta ned: 20.01.2008

<sup>6</sup> Botheim, R. (1999). Trolldomsprosessane i Bergenhus len 1566-1700. Bergen, [R. Botheim]: VII, 217 s., Antun, M. (1999). Kvinnene på bygdetingen i Nordhordland midt på 1600-tallet : ei granskning av kvinnernas stilling och position i tinginstitusjonen ; Retthandheving och praksis i Nordhordland sorenskriveri 1642-1668. Bergen. Vadset, Å. (2000). Dei forsvunne drapa: ei data teknisk tilnærming til ulikskapen mellom drapsbileta i Absalon Pederssøn Beyer si dagbok 1552-1572 og Bergen rådstueprotokoll 1592-1594. Bergen.

**Figur 2 Analysemodulen i Digitalarkivet. Knappen ”Analyse” gjev muligheiter til direkte statistisk analyse av kjeldematerialet i DA.**

The screenshot shows a Microsoft Internet Explorer window displaying the Digitalarkivet website for the 1801 census of Strand. The main content area shows a table of census data for Strand. At the top of the page, there is a navigation bar with various links and buttons. One specific button, labeled 'Analyse', is circled with a black oval. Below the navigation bar, the main content area is titled '1801-telling for 1525 Strand'. A table displays the following data:

Amt	Prestegjeld	Sokn	Gard			
1 ROmsdal	Stranden	Stranden	Opsaug Lien			
Førenamn	Etternamn	Hushaldstil.	Alder	Sivilstand	Yrke	Kjønn
1 Nils	Pedersen	Husbonde	66	Begge i 1ste ægteskab	Bonde og gaardbeboer	M
2 Ingebor	Pedersdtr	Hans kone	66	Begge i 1ste ægteskab		K
3 Ole	Nilsen	Hans børn og tienere	34	Alle ugitte		M
4 Martines	Nilsen	Hans børn og tienere	26	Alle ugitte		M
5 Pernille	Nilsdtr	Hans børn og tienere	29	Alle ugitte		K
6 Magnild	Olsd	Tieneste pige	16	Alle ugitte		K

At the bottom of the page, there is a footer with links to the homepage, English version, contact, debate, and help, along with copyright information.

Bilettekst: Muligheita for statistisk analyse direkte på kjeldematerialet er unik for Digitalarkivet

### **Digitalarkivet i forskingsprosessen.**

Analysemodulen i Digitalarkivet opnar for enkel kvantitativ analyse av eit kjeldemateriale. Analysemodulen eignar seg derfor som innføring i greiner innafor historisk og statistisk metode. Slektsgråsing handlar ofte om å finne enkeltpersonar i folketeljingar eller kyrkjebøker. Der det same arkivmaterialet vert nytta i historisk forsking er det å finne eller avgrense eit kjeldemateriale første steg i prosessen. Ofte er det tale om å velje ut personar etter eigenskapar som geografi, yrke, kjønn, alder og sivilstand. Humblems studie av tenestejenter frå Sunnfjord er eit eksempel på dette, Kopperdals studie av prostituerde eit anna.<sup>7</sup> Utvelging av granskingsdata vil såleis ikkje i måten vere forskjellig frå å leite etter familie og slekt. Det neste steget i ein meir typisk kvantitativ analyse kan vere *koding* av materialet. Ved koding blir ulike skrivemåtar for t.d. fødestad eller sivilstand standardisert. Altså fjernar forskaren data; forhåpentlegvis utan å fjerne informasjon. Det tredje steget er å danne *kategoriar*, t.d. kategoriar for yrke der både ”anglemakar” og ”gullsmed” blir ”handverkar”. Inge Eikeland, Morten Bjørndal og Yngve Torvangers hovudoppgåver gjer bruk av slik kategorisering.<sup>8</sup> Fjerde steg er å skaffe oversikt over materialet ved å *aggregere*

<sup>7</sup> Kopperdal, B. (2003). "Med utugt som levevei": ei undersøking av livsløpa til ei gruppe prostituerete kvinner i Bergen, 1877-1894. Bergen, [B. Kopperdal]: 140 bl. Humble, T. M. (1998). Tjenestejenter i Bergen 1912-1922: en undersøkelse av sunnfjordsfødte tjenestejenter. Bergen, [T.M. Humble]: 116 s.

<sup>8</sup> Bjørndal, M. (1999). Bostedsflytting i Bergen 1865-1900: kartlegging av det interne flyttemønsteret. Bergen. Eikeland, I. (2000). Fra seil til damp: sjømannssamfunnet i endring, Bergen 1875-1912. Bergen. Torvanger, Y. (2000). Sosial mobilitet i Bergen 1850-1900: en cohortundersøkelse for rode 23 og 24. Bergen.

data. Det handlar ofte om å telje opp i kategoriane frå førre steg. Det siste steget handlar om *hypotese-testing*. Der vil forskaren prøve ein hypotese eller påstandar, t.d. ”Rekruttering til sjømannssyrket blir geografisk avgrensa til Bergen”. Då søker ein etter historiske samanhengar som ein prøver mot kjeldematerialet. I fleire av hovudoppgåvene finn ein eksempel på hypotese-testing, og den enkle måten å utføre dette på er ved *krysstabulering*. Ved krysstabulering vert verdiar på to variablar talt opp. Figur 3 syner eit enkelt eksempel på krysstabulering med Analysemodulen i Digitalarkivet.

**Figur 3 Bivariat frekvenstabell i Digitalarkivet. Alle personar i Stranda prestegjeld 1801 fordelt etter sivilstand og kjønn.**

1801-telling for 1525 Strandens - Microsoft Internet Explorer

	K	M	Sum
[.]	237	246	<b>483</b>
Alle ugifte	10	8	<b>18</b>
Alle ugivte	64	61	<b>125</b>
Begge i 1ste ægteskab	213	213	<b>426</b>
Begge i 2det ægteskab	2	2	<b>4</b>
Begge ugifte	8	7	<b>15</b>
Begge ugivte	3	1	<b>4</b>
Begge ugitte	67	73	<b>140</b>
Enke - gitt 1ste g.	4	0	<b>4</b>
Enke etter 1ste ægteskab	33	0	<b>33</b>
Enke etter 2det ægteskab	9	0	<b>9</b>
Enke etter 3de ægteskab	1	0	<b>1</b>
Enke gitt 1ste g.	1	0	<b>1</b>
Enkemand etter 1ste ægteskab	0	19	<b>19</b>
Enkemand etter 2det ægteskab	0	6	<b>6</b>
Gift 1ste g.	4	4	<b>8</b>
Gift 1ste gang	4	3	<b>7</b>
Gift 2den g.	2	0	<b>2</b>
Gift 2den gang	2	4	<b>6</b>
Gift 3. g.	0	1	<b>1</b>
Gift 3de gang	1	1	<b>2</b>
Gift 1ste g.	46	26	<b>72</b>
Gift 1ste g. - enke	4	0	<b>4</b>
Gift 1ste g. enke	1	0	<b>1</b>
Gift 1ste gang	3	0	<b>3</b>
Gift 1ste ægteskab	0	1	<b>1</b>
Gift 2den g.	22	30	<b>52</b>
Gift 2den gang	2	7	<b>9</b>
Gift 3de g.	3	6	<b>9</b>
Gift 3die g.	0	2	<b>2</b>
Gift 4de g.	0	1	<b>1</b>
Ugift	7	4	<b>11</b>
Ugifte	0	3	<b>3</b>
Ugivt	86	64	<b>150</b>
Ugivte	20	19	<b>39</b>
Sum	859	812	1671

Excel Overføring av tabellen i dif-format til t.d. Excel for vidare bearbeidning

Framsida | English | Kontakt | Debatt | Ordlista | Nyttige lenker | Hjelp  
1801-telling for 1525 Strandens [10550/74]

Done Local intranet

Bilettekst: Tabellen syner at det er eit fleire ugifte kvinner enn ugifte menn og fleire enkjer enn enkjemenn i Stranda prestegjeld i 1801. Altså var det greitt å vere mann i Stranda i 1801, for

konkurransen om mennene var hard! I Stranda prestegjeld var det eit kvinneoverskotet, kjønnsproporsjonen var 106 (108 for heile landet). Kjønnsproporsjonen er lik tal kvinner dividert med tal menn multiplisert med 100.  $859/812 \cdot 100 = 106$ . Merk at somme reknar omsnudd menn pr. 100 kvinner, og då blir kjønnsproporsjonen 95

Desse stega i ein forskingsprosess: utvelging, koding, kategorisering, aggregering og hypotese-testing kan utførast med Analysemodulen Digitalarkivet. Analysemodulen er derfor glimrande til å gi innføring i desse stega, men i eit masterprosjekt må gjerne fleire kjelder kombinerast og eigne data må leggjast til. I eit masterprosjekt vil eit databaseprogram, rekneark eller statistikkprogram bli nytta for vidare bearbeiding av kjeldeaterialet.

Anaylsemodulen har derfor muligkeit for direkte overføring av store databellar til rekneark-program (MS-Excel), sjå Figur 3 . Analysemodulen i Digitalarkivet er unik, få digitale arkiv har tilsvarende funksjonalitet.

Problemet med opplæring i kvantitativ analyse er at den særskilt raskt blir abstrakt og eksempla blir uinteressante. Analysemodulen i Digitalarkivet er det stikk motsette. I Digitalarkivet er enkeltpersonane bak tala alltid tilgjengelege slik at dei matematiske storleikane kan kontrollerast. Og materialet gjev eit vell av spennande eksempel. Med analysemodulen i digitalarkivet er statistikk gøy. Eg vil hevde at analysemodulen eignar seg særskilt godt i undervisning i den vidaregåande skule.

## **Digitalt resultat - masteroppgåver i BORA**

Samstundes med etableringa av Digitalarkivet tok Historisk Institutt til med eit prøveprosjekt for elektronisk publisering av hovudoppgåver. Den første hovudoppgåva i historie som blei publisert på nett i 1995 var *Jordbruks i Jølster 1850-1910* av Stig Årdal.

<http://www.ub.uib.no/elpub/1995/h/506011/> Desse tidlege forsøka på elektronisk publisering av hovudoppgåver er no sentralisert gjennom BORA der no alle masteroppgåver skal publiserast som PDF-dokument. BORA - Bergen Open Research Archive - er universitetets eigne opne fulltekst arkiv for avhandlingar, artiklar og masteroppgåver. Pr. i dag er 67 hovud- og masteroppgåver frå historisk institutt, UIB, tilgjengeleg i BORA, og frå og med 2007 vil dei fleste innleverte masteroppgåver finnast i BORA. BORA har nettadresse

<http://bora.uib.no/>. Eit godt eksempel på ei masteroppgåve i BORA med eksemplariske referansar til Digitalarkivet er Pierre Bosquet, *Intégration, identité et citoyenneté des Français à Bergen aux XVIIe-XVIIIe siècles*, <https://bora.uib.no/handle/1956/2488>.

Også dei andre universiteta har sine "BORA", t.d. DUO ved Universitetet i Oslo med nettadresse <http://www.duo.uio.no/>. Desse arkiva er eit fulltekstarkiv og tillet fulltekst-søk. I BORA og tilsvarende tenester vil det derfor vere enkelt å søkje fram oppgåver og andre forskingspublikasjonar som har nytta Digitalarkivet. Merk også at det er mogeleg å søkje fram Master og hovedfagsoppgaver i *BIBSYS Ask*

<http://ask.bibsys.no/ask/action/stdsearch?&lang=no>

## **Digitalarkivet - konsekvensar**

Dei positive verknadane av Digitalarkivet er lett å få auge på. Med Digitalarkivet blei kjelder samla og registrert i ein 35 års periode tilgjengeleg på ein nettstad. Med Digitalarkivet fekk vi eit felles grensesnitt mot arkivmateriale som var spreidd på fleire arkivinstitusjonar. Med Digitalarkivet blei terskelen for å ta i bruk digitaliserte kjelder lågare. Digitalarkivet opna for å bla eller "browse" i kjeldeaterialete som ein vil gjere seg kjend med. Digitalarkivet tillet enkel kvantitative analysar på materialet. Med Digitalarkivet kan ein ung historikarpode prøve

materialet. Med den aukande mengda av digitalt materiale, kan historikaren gjere problemorienterte utval. Tidlegare måtte ein sette av gjerne eit semester eller to for avskriving av kjelder. Avskriving og lesing av gotisk er framleis vanleg, men det er fullt mogeleg å skrive gode masteroppgåver basert utelukkande på digitalt tilgjengeleg kjeldemateriale. I tillegg finst det ein ”skjult” bruk av Digitalarkivet som ikkje alltid kjem fram i forskingspublikasjonar. Eg har mistanke om at fleire har nytta Digitalarkivet til oppslag, men utan å referere til dette i lista over kjelder. Eit typisk eksempel på oppslag på oppslag er å sjekke personar og personopplysningar ein finn i kjelder som ikkje er i Digitalarkivet. Slike oppslag er fort gjort og raskt gløymd. Digitalarkivets *Digitale bøker* er også ein ressurs som blir mykje nytta, men er ikkje ”synleg”.

## Digitalarkivet i framtida

Eg har fleire ønskjer for Digitalarkivet tiårs-dagen. For det første må studentane ved historiske fag på Universitet og høgskular bli flinkare til å bruke digitalarkivet, samstundes som at studentane gjev korrekte og presise referansar til materialet i Digitalarkivet. Dette er noko vi som rettleiarar har ansvar for. Dernest er det viktig at materialet blir betre dokumentert. Mange av kjeldene i Digitalarkivet har dokumentasjon som viser kva for reskript, forordning eller instruks som ligg til grunn, men ikkje alle. Denne dokumentasjonen er viktig å komplettere og kvalitetssikre. Naturlegvis ønskjer eg meg meir materiale. Det hadde vore flott om analysemodulen fekk med betre muligheter for å lage kategoriar, omkoding og fleire typar for enkel statistisk analyse. Også ønskjer eg meg ein digital samkatalog for Digitalarkivet, RHD, Nasjonalbibliteket, Dokumentasjonsprosjektet og andre digitale arkiv. Naturlegvis kan ein innvende at søkjemotorar som Google gjer ein slik samkatalog overflødig, men det tek tid å gå gjennom trefflista i eit Google-søk. Dessutan hadde det vore flott med eit universalsøk i Digitalarkivet slik at ein kunne søkje i fleire (valde) kjelder samstundes. Eg ser at ordtaket ”Mykje vil ha meir” passar for godt på oss brukarar av Digitalarkivet. Lukke til med 10års dagen.

## Hovud og masteroppgåver som har nytta Digitalarkivets kjelder i perioden 1996-2006.

Denne lista er truleg lengre og masteroppgåvene avlagt i 2007 er ikkje teknere med. BIBSYS (<http://ask.bibsys.no/ask/action/stdsearch?&lang=no>) og BORA (<https://bora.uib.no/>) er nytta for å leite fram master- og hovudoppgåvene.

- Antun, M. (1999). *Kvinnene på bygdetingenet i Nordhordland midt på 1600-tallet : ei granskning av kvinners stilling og posisjon i tinginstitusjonen ; Retthandheving og praksis i Nordhordland sorenskriveri 1642-1668*. Bergen, [M. Antun].
- Bastiansen, G. E. (1995). *"Væ dig Bergen du fulle Sodomæ oc Gomorrhæ søster" : en analyse av utenomekteskapelige forhold i Bergen 1597-1669*. Bergen, [G.E. Bastiansen].
- Beadle, S. (2004). *Benådning som behandling eller disciplinering? : kriterier for benådning i andre halvdel av 1800-tallet*. Bergen, [S. Beadle].
- Bjordal, A. (1997). *Sjøfarten i Haugesund 1840-1875*. Bergen, [A. Bjordal].
- Bjørndal, M. (1999). *Bostedsflytting i Bergen 1865-1900: kartlegging av det interne flyttemønsteret*. Bergen, [M. Bjørndal].
- Botheim, R. (1999). *Trolldomsprosessane i Bergenshus len 1566-1700*. Bergen, [R. Botheim].
- Bratland, K. (2004). *Fødsler utenfor ekteskap i Haus og Lindås prestegjeld 1691-1800*. Bergen, K. Bratland.

- Cutler, I. (2004). *Bergenfarergildet i Amsterdam 1486-1812*. Bergen, [I. Cutler].
- Eide, O. J. (2004). *Et tidlig utvandringsmiljø : en studie av organisert pioneremigrasjon til Amerika 1821-1854 med særlig vekt på Finnøy prestegjeld*. Bergen, [O.J. Eide].
- Eikeland, I. (2000). *Fra seil til damp: sjømannssamfunnet i endring, Bergen 1875-1912*. Bergen, [I. Eikeland].
- Fatland, L. O. (1997). *Husmannsvesenet i Sand prestegjeld på 1800-talet : mellom husmannsplass og marknad*. [Bergen], [L.O. Fatland].
- Finne, H. (1999). *Lagrettemennene i Vangen og Føyen tinglag : ei gransking av rekrutteringa til lagretten i perioden 1648 til 1720*. Bergen, [H. Finne].
- Fluge, R. (2005). *Overfattigkommisjonen for Bergen stift: forholdet mellom lovverket for overkommisjonen og overkommisjonens virksomhet i praksis innen fattigvesenet i Bergen stift i perioden 1755-1770*. Bergen [R. Fluge]
- Gjerde, A. K. N. (2004). *Kvinner som aktører i det offentlige rom: bruken av politiretten i Bergen 1822-80*. Bergen, [A.K.N. Gjerde].
- Hammer, M. (2006). *En undersøkelse av barne- og spedbarndødeligheten i Bergen stiftprosti 1769-1801*. Bergen, [M. Hammer].
- Handeland, J. (1995). *Bergen eller Amerika? : flyttemønsteret fra Hosanger, 1874-1900*. Bergen, [J. Handeland].
- Haugland, R. H. (2006). *Herre over barnonen si jord? : om suksesjonspraksis for leiglendingane under Baroniet Rosendal mellom 1710 og 1830*. Bergen, [R.H. Haugland].
- Heiberg, I. S. (2004). *Kåkontrakter fra matrikkelgårder i Sogndal kommune fra perioden 1851 - 1970 : en analyse av utviklingen i kåkontraktenes antall og innhold*. Bergen, [I.S. Heiberg].
- Helgaas, B. (1999). *Byen ved havet : Florø og fiskerinæringa 1860-1910*. Bergen, [B. Helgaas].
- Hobberstad, Ø. (1997). *"Den som tager andens gods er iche bedre end een tyv!" : ulovleg tileigning av annan manns eigedom : lovgjeving og rettshandheving på tinget i Nordhordland sorenskriveri, 1664-1707*. Bergen, [Ø. Hobberstad].
- Holthe, J. H. (2006). *Ole og Hans, Anna og Maria : døpenavn i Bergen i første halvdel av 1700-tallet*. Bergen, [J.H. Holthe].
- Humblen, T. M. (1998). *Tjenestejenter i Bergen 1912-1922: en undersøkelse av sunnfjordsfødte tjenestejenter*. Bergen, [T.M. Humblen].
- Høie, N. A. (2000). *Hovedgater som møtested : en studie av Haraldsgata i Haugesund ca. 1870-1940*. Bergen, [N.A. Høie].
- Høiaas, K. (1997). *Flytting til og fra Bergen på 1700-tallet*. [Bergen], [K. Høiaas].
- Iversen, I. G. (1997). *Tenestejentene i Bergen 1865-1891: strilejenter, bergenstauser og andre tyende*. Bergen, [I.G. Iversen].
- Johannessen, M. H. (2000). *"Udsatte paa Landet"*. Bergen, [M.H. Johannessen].
- Knutsen, S. (1997). *Bønder i by'n : skjoldfødte i Haugesund 1865-1885*. Bergen, [S. Knutsen].
- Konglevoll, E. (1996). *"Fra Nygårdshøyden til Damsgårdssundet": en bydel blir til : regulering og utbygging av Møhlenpris ca. 1880-1925*. Bergen, [E. Konglevoll].
- Kopperdal, B. (2003). *"Med utugt som levevei" : ei undersøking av livsløpa til ei gruppe prostituerte kvinner i Bergen, 1877-1894*. Bergen, [B. Kopperdal].
- Lending, M. R. (1998). *Villastrøket Kalfaret: borgerlig bokultur i Bergen omkring århundreskiftet*. Bergen, [M.R. Lending].
- Lia, G. (2003). *Utsettelse av sinnssyke i privatpleie : en undersøkelse av familiepleien i Manger, 1880-1920*. Bergen, [G. Lia].

- Menes, I. W. (1997). "Mangfoldige er blevne beskjeftigede" : flyttinga til og frå Finnås prestegjeld frå 1801 til 1865. [Bergen], [I.W. Menes].
- Næss, J. I. (2000). *Husmannsvesenet i Ullensvang på 1800-talet : form og funksjon*. Bergen, [J.I. Næss].
- Olsen, V. (1997). *Hva ble det av Helene fra Sandviken?: hjem, skole, fremtid : oppvekst og tidlig voksenliv i Bergen 1874-1900*. Bergen, [V. Olsen].
- Osa, K. (2002). "De utsatte børn" : ei analyse av offentleg og privat omsorg for born i Ulvik og Haus 1865 og 1900, med særleg vekt på slektsansvaret. Bergen, [K. Osa].
- Osaland, S. (2005). *Fattigvesenet i Høyland og Strand 1800-1845 : ei samalikning av verknader forordninga av 1786 for Kristiansand stift hadde på fattigadministrasjon, fattigfolk og bønder i desse to prestegjelta*. Bergen, [S. Osaland].
- Ravnanger, H. (2003). *Ja, vi eier små trehus : en historie om boliger i Stavanger ca 1850-2002*. Bergen, [H. Ravnanger].
- Rygg, T. (1997). *Den som er med på leiken-: vanarta og kriminelle vergerådsborn i Bergen 1901-1913*. Bergen, [T. Rygg].
- Sebak, P. K. (2006). *Minoritet uten forankring: jødiske innvandrere i Bergen, 1851-1933*. Bergen, [P.K. Sebak].
- Skurtveit, H. (1998). *Fra førmoderne til moderne industri: ekspansjon og modernisering i Bergensområdets kornmøllenæring 1840-1895*. Bergen, [H. Skurtveit].
- Solberg, E. B. (2000). *Militær jurisdiksjon: de militæreres juridiske fordeler og ulemper ved Bergenhus garnison i årene 1684-1720*. Bergen, [E.B. Solberg].
- Solli, A. (2003). *Livsløp - familie - samfunn : endring av familiestrukturar i Norge på 1800-talet*. Bergen, Historisk institutt.
- Stensby, V. (1996). "Med Liigprædiken og fuld Ceremonie -": begravelse og sosial lagdeling i Bergen på 1700-tallet. [Bergen], [V. Stensby].
- Sture, S. (2001). *Modernisering på hjul: bilen i Bergen og Hordaland før 1940 - en sosial konstruksjon*. Bergen, [S. Sture].
- Sødal, T. (1996). *Sosial ulikhet på Agder ca 1600-1700 : Oddernes, Søgne, Åseral : en lokalsamfunnsanalyse*. Bergen, [T. Sødal].
- Sørensen, M. T. (2001). "Saa udspekulerede Tyveknægte-": kriminelle barn : en analyse av kriminalstatistikk 1860-1899 og rettssaker i Kristiansand i 1874-1889. Bergen, [M.T. Sørensen].
- Torvanger, Y. (2000). *Sosial mobilitet i Bergen 1850-1900: en cohortundersøkelse for rode 23 og 24*. Bergen, [Y. Torvanger].
- Vadset, Å. (2000). *Dei forsvunne drapa: ei data-teknisk tilnærming til ulikskapen mellom drapsbileta i Absalon Pederssøn Beyer si dagbok 1552-1572 og Bergen rådstueprotokoll 1592-1594*. Bergen, [Å. Vadset].
- Yndesdal, N.-B. (1996). "- merkbare Fremskridt -": jordbruket i Bømlo sokn under den store vårsildperioden på 1800-talet. Bergen, [N.-B. Yndesdal].

- Antun, M. (1999). Kvinnene på bygdetingenet i Nordhordland midt på 1600-tallet : ei granskning av kvinners stilling og posisjon i tinginstitusjonen ; Retthandheving og praksis i Nordhordland sorenskriveri 1642-1668. Bergen, [M. Antun]: 110 bl.
- Bastiansen, G. E. (1995). "Væ dig Bergen du fule Sodomæ oc Gomorrhæ søster" : en analyse av utenomekteskapelige forhold i Bergen 1597-1669. Bergen, [G.E. Bastiansen]: 101 s.
- Bjørndal, M. (1999). Bostedsflytting i Bergen 1865-1900: kartlegging av det interne flyttemønsteret. Bergen, [M. Bjørndal]: 128 bl.
- Botheim, R. (1999). Trolldomsprosessane i Bergenshus len 1566-1700. Bergen, [R. Botheim]: VII, 217 s.
- Eikeland, I. (2000). Fra seil til damp: sjømannssamfunnet i endring, Bergen 1875-1912. Bergen, [I. Eikeland]: 116 s.
- Humblen, T. M. (1998). Tjenestejenter i Bergen 1912-1922: en undersøkelse av sunnfjordsfødte tjenestejenter. Bergen, [T.M. Humblen]: 116 s.
- Kopperdal, B. (2003). "Med utugt som levevei" : ei undersøking av livsløpa til ei gruppe prostituerte kvinner i Bergen, 1877-1894. Bergen, [B. Kopperdal]: 140 bl.
- Morsund, G. O. (1995). - heve nordmannen fenge sin heim : hushald i Haram og Karlsøy 1801-1865. Bergen, [G.O. Morsund]: 138 bl.
- Torvanger, Y. (2000). Sosial mobilitet i Bergen 1850-1900: en kohortundersøkelse for rode 23 og 24. Bergen, [Y. Torvanger].
- Vadset, Å. (2000). Dei forsvunne drapa: ei data teknisk tilnærming til ulikskapen mellom drapsbileta i Absalon Pederssøn Beyer si dagbok 1552-1572 og Bergen rådstueprotokoll 1592-1594. Bergen, [Å. Vadset].
- Vaardal, H. (1995). Samfunn og kriminalitet i Indre Sogn og Sunnfjord 1820-89 : ein analyse av samfunnsstrukturar og kriminalitet. Bergen, [H. Vaardal]: 103 s.